



Arkivsaknr: 2024/7382-7
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Hjelmås Handelslag LL - Matkroken Hjelmås

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Hjelmås Handelslag LL org. nr. 912689697 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Matkroken Hjelmås, Leknesvegen 389, 5915 Hjelmås.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Ørjan Selbak Namdal f. 19.05.88
Avløysar for løyvet: Sandra Sylta f. 17.01.03
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Hjelmås Handelslag har i søknad datert 12.06.24 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.24 i lokala til Matkroken Hjelmås, Leknesvegen 389, 5915 Hjelmås. Ørjan Selbak Namdal er styrar for salsløyvet og Sandra Sylta er avløysar. Opningstida er frå kl. 09.00 til kl. 20.00 måndag-fredag, laurdag kl 09.00 – 18.00 og søndag kl. 12.00 – 16.00.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkohollova §1- 6). Hjelmås Handelslag LL – Matkroken Hjelmås søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkohollova §1-7 c.

Alkohollova §1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.